



## Notat

Dato: 11.11.2014  
Arkivsak: 2014/20310-2  
Saksbehandlar: larbirk

---

Til: Tale Halsør  
Frå: Lars Øyvind Birkenes

---

### **Lussand Kraft AS - Søknad om konsesjon til løyve til bygging av Lussand kraftverk - Granvin herad - høyring av endra planar – Fråsegn om kulturminne**

#### Innstilling

- Undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminneloven må oppfyllast i god tid før arbeid i marka startar opp.

Saka gjeld søknad om bygging av Lussand kraftverk i Granvin herad. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstypesmakt innan kulturminnevern.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Ut frå våre arkiv kjem det endra tiltaket ikkje i konflikt med kjende automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Det aktuelle området har tidlegare ikkje har vore undersøkt av arkeologar. Det er eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne i innmarksområdet sørvest for vegen. Det er også eit visst potensial for funn i utmarksområda også. Registreringar i utmark generelt har dei seinare åra avdekkja ei rekke nye kulturminne knytt til utmarksressursane, som til dømes kulturminne knytt til gardsdrifta, jakt, fangst, jarnframstilling og steinbrot.

Det gamle tun- og busetnadsområdet Giljarhus og gravhaugen, id. nr. 142950 og 142949, ligg om lag 70-80 meter nordaust og opp for nærmeste punkt for røygata, og vil ikkje verte berørt av tiltaket. Tunområdet er nemnt i gamle diplom første gongen i 1293 og var Lyseklostergods fram til 1849. Elles er det ikkje SEFRAK-registrerte bygningar nærmere planlagt tiltak enn 20 til 40 meter, både når det gjeld røygata og stasjonsområdet.

#### Konklusjon

Hordaland fylkeskommune vurderer området til å ha eit visst potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det må difor pårekna ei nærmere markundersøking for å få oppfylt undersøkingsplikta, jf. § 9 i Kulturminnelova. Vi gjer merksam på at det er tiltakshavar som må bera kostnadane med ei slik undersøking, jf. §§ 9 og 10 i Kulturminnelova.

Vi gjer merksam på at planane må reviderast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.